

Jobbnorge-ID: 115170

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Leiar for driftsavdelinga

Ved Universitetet i Nordland er det ledig stilling som driftsleiar. Den som blir tilsett skal leia driftsavdelinga og ha ansvar for dagleg forvaltning, drift og vedlikehald av infrastrukturen ved Universitetet.

Om driftsavdelinga

Driftsavdelinga har ansvar for dagleg forvaltning, drift og vedlikehald av infrastrukturen ved Universitetet. Dette omfattar mellom anna vaktmestertjenester, tilgang og sikring, nøkkel/kortsystem, flytteprosessar, post, renovasjon og AV-utstyr. Avdelinga har og ansvar for koordinering av kurs og konferansar ved UiN.

I tillegg til dagleg drift har driftsavdelinga eit breitt samarbeid med fakulteta og dei andre fellesavdelingane.

Avdelinga forvaltar om lag 50 000 M² fordelt på Bodø, Helgeland og Vesterålen i nært samarbeid med huseigar. Dei største samarbeidspartnarane er Statsbygg og Studentsamskipnaden.

Driftsavdelinga består av driftsleiar og 8 tilsette. I tillegg har driftsleiar ansvar for reinhaldsavdelinga med 19 tilsette, som vert leia av ein husøkonom. Driftsleiar rapporterer til økonomidirektør.

Arbeidsoppgåver

- Dagleg leiing av driftsavdelinga, inklusive rekruttering, medarbeidaroppfølging og -utvikling
- Budsjett- og resultatansvar for driftsavdelinga inkl. reinhaldsavdelinga
- Strategisk utvikling av arbeidsprosessar innan driftsområdet
- Leia eller delta i større prosjekt knytt til drifta ved UiN
- Opplæring, rådgjeving og støtte

Kvalifikasjonskrav

- Relevant høgare utdanning, gjerne innan teknisk drift/bygg. Kandidatar med sterk realkompetanse vil og bli vurdert.
- Leiarerfaring og god økonomiforståing
- Erfaring frå tilsvarende bransje og verksemd vil vera ein fordel
- Erfaring med større innkjøp og leverandøroppfølging
- God kjennskap til relevante lover og reglar innan bygg, HMS m.m.

Eigenskapar

Personen vi søker må ha evne til å arbeida strukturert og gjennomføre dei mål som vert sett, samt vera initiativrik og handlekraftig. Gode samarbeidsevner og evne til å takle både ansvar og høgt arbeidspress vil bli vektlagt. Vi ynskjer ein person med gode leiareigenskapar, god økonomiforståing og solid leiarerfaring. Framfor alt søker vi ein dyktig leiar som skapar gode resultat gjennom å motivera og setja krav til sine medarbeidarar.

Lønns- og arbeidsvilkår

Fleksibel arbeidstid og eit triveleg og tverrfagleg arbeidsmiljø med gode utviklingsmoglegheiter.

Stillinga blir lønt etter statens lønnsregulativ, lønnsplan 90.100, kode 1054. Lønn etter ansiennitet og kvalifikasjonar. Som tilsett ved Universitetet i Nordland får du medlemskap i Statens pensjonskasse og andre velferdsgode. Frå lønna går lovfasta tilskot i Statens pensjonskasse.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei lover, avtarar og instruksar som til ei kvar tid gjeld for stillingane. Vi tek atterhald om endringar i ansvars- og arbeidsområdet som følgje av framtidige organisasjonsendringar ved Universitetet i Nordland.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogeleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Vi oppmodar personar med innvandrarakgrunn om å søkje stillinga. Universitetet praktiserer moderat kjønnskvalifisering i samsvar med lokal tilpassingsavtalen til Hovedavtalen i staten.

Kontakt

For nærmare opplysningar om stillinga, ta kontakt med Økonomidirektør Per Arne Skjelvik, mobil 959480978, epost pas@uin.no.

Søknad

Søknad, attestar og vitnemål skal sendast elektronisk **innan 19.07.2015**

All dokumentasjon som du ønsker det skal tas omsyn til lastast opp som vedlegg til søknaden.

Det er søkerens ansvar å sende inn fullstendig dokumentasjon innan søknadsfristen.

Etter at søknadsfristen har gått ut, vil det bli utarbeidd offentleg søkerliste. Vi gjer merksam på at opplysningar om søkeren kan bli offentleggjorde sjølv etter ønske om å bli utelate frå søkerlista. Søkarar som likevel ber om konfidensialitet, må grunngi dette særskilt i søknaden. Søkarane vil i slike høve bli førehandsvarsla om offentleggjering.

Ref.nr. 30016116

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: